

Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet 10.04.18:

Ordføraren starta møtet men hadde få orienteringssakar:

- Gol Stasjon er både nemnd og prioritert i Jernbanesektorens Handlingsprogram der ei løysing med over/undergang mellom spor 1 og 2 står som prosjekt som skal gjennomførast i fyrste periode for betre kapasitet, betre og tryggare åtkomst ved Gol Stasjon.
  
- Deltaking frå lokale aktørar på Hyttemessa 2018 på Hellerudsletta vart det orientert kort om. Attendemeldingane er at dette er ein viktig arena for å promotere både Gol og Golsfjellet. Det er også ei styrke at Hallingdal er samla i eitt og same område, samt at det er nyttig å dele erfaringar og knytte nettverk med dei andre kommunane.
  
- Kaffimøtets deltakarar fekk sjå utkastet til samfunnsdelen av kommuneplanen som ligg på høyring fram til 26.april, men det var diverre ikkje tid til å gå i detaljar. Derfor vart alle invitert til å delta på Visit Gol si samling etter generalforsamlinga si 23.april kl. 20.00 der kommunalsjef Svein Eide vil leggje fram fakta, det vil koma besøk som skal inspirere og utfordre av Eid-ordføraren Alfred Bjørlo og det vil vera ein seanse der Visit Gol summerar opp dei innspela som kjem og bearbeidar dei til ei uttale til planen.

Me fekk så to besøk til kaffimøtet;

1. Stian Bogar frå Hallingdal Næringshage fortalde oss kven dei er, kva dei gjer og ikkje minst kva dei kan bistå næringslivet med. For meir informasjon sjå; [www.nhage.no](http://www.nhage.no)
  
2. Mayka Brevik frå Hugsamia i Hemsedal kom og heldt ei kort orientering om hennar kommunikasjons - og PR byrå. Ho hadde med seg mange eksemplar på kva tenester ho kan tilby næringslivet. For meir informasjon sjå; [www.hugsamia.no](http://www.hugsamia.no)

Attendemeldinga frå deltakarande var at det var interessant med fagleg påfyll.

Neste møte får kaffimøtet får me kanskje besøk frå nokon andre, men hugs datoen: 15.05.18.

Vel møtt!

Heidi Granli